



Kommuneplan Time kommune
2018-2030
Arealdelen
Planprogram
Vedtatt av formannskapet 05.09.2017

Innhald

Forord	3
Innleiing	4
Time i eit regionalt og samfunnsperspektiv.....	6
Folkemengd, arealbehov og arealbruk	7
Folkemengd	7
Arealrekneskapen	8
Utviklingar, føringar og behov	10
Byen og tettstadane.....	14
Kommune i vekst	14
Fortetting.....	14
Tettstadane	15
Samferdsel	17
Veg.....	17
Gang og sykkel	17
Kollektivtilbod	18
Natur- og kulturlandskapsforvalting	19
Klima og energi.....	21
Samfunnstryggleik	23
Organisering og medverknad	25
Framdrift	25
Kartleggingar og utgreiingsbehov	26
Overordna rammer og premissar.....	27



Forord

Ved behandling av planstrategien for perioden 2015-2019 den 01.03.2016 (kst.sak 009/16) vedtok kommunestyret at arealdelen av kommuneplanen skal reviderast. Som planperiode er valt perioden 2018-2030.

Sist revisjon var ein omfattande prosess kor heile planen, både areal- og samfunnsdelen vart revidert, og mykje nytt utbyggingsareal vart lagt inn. Denne revisjonen vert vurdert til å kunna vera mindre omfattande sidan samfunnsdelen og fleire andre relevante planar nyleg er reviderte og vedtatte. Arealet til dei ulike utbyggingsformåla som vart lagt inn i førre plan, er og i hovudsak vurderte til å dekkja venta utbyggingsbehov fram til 2030.

Etter framdriftsplanen skal første utkast av planen vera klar til offentleg ettersyn våren/sommaren 2018, med sluttbehandling i kommunestyret hausten 2018.

Formannskapet har valt ei politisk styringsgruppe for arbeidet med følgjande medlemmar: ordførar Reinert Kvernaland (H), leiar, varaordførar Sverre Risa (Krf), Margret Hagerup (H) og Lars Enevoldsen (Ap). Bjarne Undheim (Sp) er vararepresentant.

Rådmannen si leiargruppe er administrativ styringsorgan for planarbeidet.

Reinert Kvernaland
ordførar

Brit Nilsson Edland
rådmann

Innleiing

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som syner samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruken. Kommuneplanen sin arealdel skal visa hovudtrekka i arealdisponeringa, og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk. Kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala skal óg inngå. Kommuneplanen sin arealdel skal omfatta plankart, føresegner og planomtale kor det går fram korleis nasjonale mål og retningslinjer for arealbruk er ivaretatt.

Ein kommuneplan skal omfatta ein samfunnsdel, ein arealdel og ein handlingsdel. Kommuneplanen sine overordna retningslinjer for den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga går fram av kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel. Samfunnsdelen vart vedtatt i desember 2015, og gjeldande arealdel vart vedtatt den 21.06.2011. Handlingsplanen til samfunnsdelen er innarbeidd i økonomiplanen for perioden 2017-2020.

Kommuneplanen sin samfunnsdel (2016-2026) vil ikkje verta endra, men lagt inn i plandokumentet i sin heilskap.

Sidan førre arealdel vart vedtatt, har Interkommunal kommunedelplan for «Bybandet sør» vorte vedtatt. Kommunedelplan for Frøyland/Kverneland 2008-2020 gjeld framleis der det ikkje er motstrid med føringane i «Bybandet sør». Desse planane vert innarbeidd i denne revisjonen av arealdelen. Nokre endra forhold i dette området vil kunna gje høve til å foreta nye vurderingar. Områda som er omfatta av ny kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 inngår ikkje i denne revisjonen, med unntak av nokre

samferdselstiltak og bustadområde som vil verta vurderte for innlegging i overordna arealdel.

Vidare har kommunen nyleg vedtatt fleire kommunale planar som gjev innspel til arealdelen. Dette gjeld for eksempel Planstrategi 2015-2019, Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026, Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026, Hovudplan for vatn og avløp 2016-2026 og Risiko- og sårbarheitsanalyse 2017-2020. Landbruksplan 2016-2026 vart vedtatt 1. halvår 2017 vil òg gje nokre innspel.

I tillegg til dei kommunale planane er det statlege og regionale styringsdokument som gjev føringar for planarbeidet. Som viktige statlege føringar vil me nemna Nasjonal jordvernstrategi 2015, Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og Statlege retningslinjer for klimatilpassing.

Regionale planar som gjev føringar for arealdelen er for eksempel Regionalplan for Jæren 2013-2040 og Regional planstrategi 2017-2020. Elles viser me til andre kommunale, regionale og statlege føringar omtalte under «Overordna rammer og premisser».

Formannskapet har i forbindelse med oppnemning av styringsgruppa for planarbeidet valt å setja fokus på følgjande tema:

- Folkemengde, arealbehov og arealbruk
- Byen og tettstadane
- Samferdsel
- Natur- og kulturlandskapsforvaltning
- Energi og klima
- Samfunnstryggleik

Helse i planlegging og barn og unge vert gjort synleg ved å omtala desse perspektiva for alle temaa.

Smarte byar og lokalsamfunn vert nytta som ei strategisk tilnærming til by- og samfunnsutvikling.

Kommunen sin Kulturminneplan jf. Kommunal planstrategi, vil verta revidert i 2019. Gjeldande Kulturminneplan 2008-2019 vert innarbeid i arealdelen, slik at verdifulle bygningar og miljø knytt til kommunen sin identitet og historie vert tatt omsyn til.

I planane kommunen nyleg har vedtatt, har det vore ein stor grad av medverknad.

Innspela som er kome er om mogleg innarbeidde i desse planane, og ein del av innspela må nå innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel.

*«Det vert nok stridt; men litt om litt
det gjeng, når kvar vil gjera sitt.
Tek kvar og ein sin vesle stein
er snart vår åker rein»*

Arne Garborg



Time i eit regionalt og samfunnsperspektiv

Time er ein del av ein region som har hatt stor folketalsauke dei siste ti åra, og som nå er i ein fase der veksten er meir usikker framover.

Time har som mål å skapa eit samfunn som fremjar helse og skapar trivsel for alle innbyggjarane. Gjennom planlegging vil kommunen leggja til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde.

Eigne fortettingsstrategiar for dei ulike tettstadane og for Bryne skal sikra varierte bustadtypar og attraktive bumiljø med sosiale møteplassar, område for leik, rekreasjon og nærfriluftsliv for barn, unge og vaksne.

Å styrkja sentrumsområda i byen og tettstadane ved å leggja til rette for etablering av både bustadar, arbeidsplassar, handel og servicefunksjonar gjer områda meir attraktive. Tilrettelegging for gåande og syklande, barn og unge, vil skapa meir liv i sentrum og tettstadane.

Bryne er regionsenter på Jæren og det er derfor viktig å styrkja byen som kollektivknutepunkt og ha god plass for handels- og næringsutvikling. Vidare ønskjer me å styrkja kulturlivet som ein sentral del av byutviklinga og som byggjer opp om utviklinga av Bryne som regionsenter.

Landbruksareala på Jæren og i Time er blant dei beste i landet og strategisk viktig for å sikra matforsyning både lokalt og nasjonalt. Nasjonal jordvernstrategi har som mål å redusera omdisponering av jordbruksjord.

Jordbruksareala som er avsette til andre formål i gjeldande arealplan, kan i utgangspunktet vurderast tilbakeførte til jordbruksformål (LNFR-område). Endring av rekkefølgekrava når avsette areal kan byggjast ut, kan vera ei alternativ vurdering.

Det er mange store og viktige samferdselprosjekt som nå er under planlegging. Desse kan samla sett få store arealmessige konsekvensar for kommunen og vil gje utfordringar for planarbeidet.



Folkemengd, arealbehov og arealbruk

Sjølvs om auken i folketalet for tida er mindre enn tidlegare, ventast det ein vekst i folketalet på gjennomsnittleg om lag 2,3 % per år. Det bør vera ei balansert utvikling kor ein ikkje legg ut meir areal til bustadformål enn det er barnehage- og skulekapasitet til. Potensialet for fortetting må nyttast for nye areal tas i bruk. Dette gjeld for både nærings- og bustadformål. Landbruksareala må sikrast som grunnlag for næringsdrift og for å oppfylle målet om auka matproduksjon. Friluftsområde i nærmiljøet er viktig sett i eit folkehelseperspektiv.

Folkemengd

Jf. befolkningsprognosen hausten 2016 ventast det ein vekst i folketalet på gjennomsnittleg 2,3 % år. Hausten 2017 vil det verta utarbeidd ein ny prognose som skal leggjast til grunn i det vidare planarbeidet. Saman med revisjon av bustadbyggjeprogrammet vil dette i endeleg planforslag kunna gje andre prognoser for dei ulike tettstadane.

Tettstadar	31.12	Framskriving			Auke i %
	2016	2020	2024	2027	2016-2027
Bryne	10482	11 805	13 359	13. 939	33,0
Kvernaland	3 564	3 679	4 194	4 858	36,3
Lyefjell (ink.l Vestly)	2 768	2 910	2 809	2 767	-0,0
Undheim	1 185	1 195	1 153	1 136	-4,1
Hognestad	657	645	31	627	-4,6
Sum	18 656	20 234	23 327	23 327	25,0

Tabell 1: Framskriving folkemengd 2015-2027
(Kjelde: SSB/Kompas- tal september 2016)

Det er venta størst auke i folketalet på Bryne og Kvernaland. Auken på Bryne er likevel nedjustert frå 48 % til 34 %. Lyefjell viser ein svak nedgang etter nedjusteringa av bustadbyggjeprogrammet. Folketalet på Undheim og Hognestad viser ein nedgang fram mot 2027.

Tal frå SSB frå mars 2017 viser at folketalet i 2016 har vore på 84 mot forventa 197 personar. Aldersgruppene barneskulealder og eldre mellom 66 og 89 år har i perioden 2013-2016 auka mest, medan barn i barnehagealderen har gått mest ned.

	2 013	2 014	2 015	2 016	Endring 13-16
0-2	854	839	819	804	-5,9 %
3-5	892	886	896	864	-3,1 %
6-12	1 680	1 746	1 802	1 885	12,2 %
13-15	748	763	753	722	-3,5 %
Sum 0-15	4 174	4 234	4 270	4 275	2,4 %
16-19	952	937	978	994	4,4 %
20-66	10 910	11 201	11 314	11 277	3,4 %
Sum 16-66	11 862	12 138	12 292	12 271	3,4 %
67-79	1 326	1 382	1 437	1 517	14,4 %
80-89	435	453	479	497	14,3 %
90+	100	99	94	96	-4,0 %
Sum 67+	1 861	1 934	2 010	2 110	13,4 %
Sum	17 897	18 306	18 572	18 656	4,2 %

Tabell 2: Folketal 2013-2016 per aldersgruppe
(Kjelde SSB, februar 2017)

Samansettinga av hushald har endra seg betydeleg dei siste åra. Tal på hushald med barn har auka betydeleg mindre enn einpersonfamiliar og par utan barn.

	2010	2013	2016	Endring 2010-2016
Einpersonfamiliar	2284	2506	2793	22 %
Par utan barn	1467	1684	1987	35 %
Familiar med barn	2843	3048	3045	7 %
	6594	7238	7825	

Tabell 3: Utvikling samansetting hushald i perioden 2010-2016 (Kjelde: SSB)

	Kommuneplan 2011-2022 (KP 2011-2022), plan 0458 og «Bybandet sør 2013-2040» (BBS)			KP 2011-2022 BBS 2013-2040			KP 2011-2022 BBS 2013-2040	KP 2011-2022 BBS 2013-2040		
	Bustad			Grønstruktur/ friområde			Næring	Offentleg formål		
	Regulering ikkje påbegynt	Under regulering	Nyleg regulert	Regulering ikkje påbegynt	Under regulering	Nyleg regulert	Regulering ikkje påbegynt	Regulering ikkje påbegynt	Under regulering	Nyleg regulert
Bryne ¹⁾	212 ²⁾	136	73	240	49		155	23	32	
Kvernaland	212 ³⁾ +35 ⁶⁾	41+18 ⁶⁾	54			30	598 ⁵⁾	17		
Lyefjell	182 ⁴⁾			60			27	47		
Undheim		11 ⁶⁾	11							5

- 1) Fortettingspotensiale i Bryne sentrum, jf. Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 er ikkje inkludert
2) Rekkefølgekrav: 160 daa kan ikkje byggjast ut før etter planperioden 2018-2030
3) Rekkefølgekrav: utbygging må avklarast i planarbeidet
4) Rekkefølgekrav: utbygging av BL5 må skje før BL4
5) Delvis ikkje tilgjengeleg til næringsverksemd før masseuttaka på Kalberg er avslutta (gjeld næringsområde TN1)
6) Fortettingsprosjekt på Undheim og Kvernaland

Tabell 4: Arealrekneskap kommuneplan Time kommune 2011-2022, plan 0458 og «Bybandet sør» 2013-2040
(Kjelde: Kartdata Time kommune)

Arealrekneskapen

Arealrekneskapen over viser at det ligg ein betydeleg arealreserve i gjeldande kommuneplan 2011-2022 og i interkommunal kommunedelplan «Bybandet sør» 2013-2040. Grunna ulike rekkefølgekrav er ikkje alt areal tilgjengeleg for utbygging i planperioden.


I alt er det om lag 1800 daa kor regulering ennå ikkje er begynt på, om lag 290 daa

kor regulering er starta og 175 daa som nyleg er regulert eller er under utbygging

I arealdelen av Kommuneplan for Time 2011-2022, Interkommunal kommunedelplan Bybandet sør 2013-2040 og reguleringsplan 0458 er det planlagt omdisponert 1301 daa jordbruksareal. Av dette er 991 daa fulldyrka og overflatedyrka jord.

	Vedteke omdisponert, ikkje regulert (daa)	Vedteke omdisponert, under regulering (daa)	Ferdig regulert/ under utbygging (daa)	Sum areal omdisponert i gjeldande planar (daa)
Jordbruksareal	1039	137	125	1301
Fulldyrka og overflatedyrka	790	103	98	991
Innmarksbeite	249	34	27	310
Anna	834	48	48	930
Totalt areal	1873	185	173	2231

Tabell 5: Omdisponering jordbruksareal i Kommuneplanen 2011-2022, interkommunal kommunedelplan Bybandet sør 2013-2040 og reguleringsplan 0458. Utviding av fv 44, omkjøringsveg Kvernaland og diverse gang- og sykkelveggar er vist i kommuneplanane, men ikkje talfesta. Desse er derfor ikkje inkluderte her. (Kjelde: Kartdata Time kommune)



Figur 1: Omdisponering jordbruksjord i Time kommune i perioden 2007-2016 i dekar
(Kjelde: SSB/KOSTRA)

I perioden 2007-2016 har det i Time kommune vorte omdisponert om lag 1290 daa jordbruksjord

Tabellen under viser kor mykje jordbruksjord i perioden 2007-2016 som har gått til dei ulike formåla:

Omdisponering jordbruksjord i perioden 2007-2016	Samferdsel	Bustad	Næring	Offentleg	Grønt-struktur	Ikkje spesifisert i perioden (2007-2009)	2007-2016
Dyrka etter pbl	29	102	240	107	118	198	794
Dyrkbar etter pbl	23	98	96		40	139	396
Dyrka etter jordlova		1				4	5
Dyrkbar etter jordlova		3				92	95
Sum	52	204	336	107	158	433	1290

Tabell 6: Avgang dyrka og dyrkbar jord i perioden 2007-2016 fordelt etter formål i dekar
(Kjelde: SSB/KOSTRA)

Utviklingar, føringar og behov

Bustadformål

I Kommuneplan 2011-2022 og «Bybandet sør» ligg det inne eit utbyggingspotensial til bustadformål på 1010 daa, men på grunn av rekkefølgekrava med meir vil ikkje alt areal vera aktuelt for utbygging i planperioden.

Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 legg til rette for om lag 1200 nye bueiningar ved fortetting i sentrum. Dette utgjer om lag halvparten av det samla behovet som er venta på Bryne i planperioden. Mellom anna med bakgrunn i denne berekninga kan det planperioden 2018-2030 vera behov for om lag 250-315 daa til bustadformål utanfor etablerte bustadområde på Bryne.

Arealet for å dekkja venta bustadbehov i kommunen er tilgjengeleg i gjeldande kommuneplan 2011-2022 og i Interkommunal kommunedelplan «Bybandet sør». Det vil derfor i utgangspunktet ikkje vera behov for omdisponering av nytt areal. Vidare vil det heller ikkje vera nødvendig med vurdering av areala på Hognestad og Frøyland, som i dei førre planprosessane er avgjorde av departementet, viss ikkje særlege grunnar taler for det.

Gjennom revisjon av bustadbyggje-programmet vil det verta synleggjort om bustadbygginga er i samsvar med barnehage-, skulebruks- og omsorgsplanen, og ønska tettstadsutvikling elles. Programmet vil kunna gje behov for endringar i rekkefølgekrava.

Arealbehov for offentlege formål

Idrett

Behov for nye idrettsanlegg er omtalt i kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Utviding av anlegg kan i all hovudsak skje innanfor avsett areal i gjeldande planar. Ny symjehall vil verta vurdert lokalisert i tilknytning til Timehallen. Behov for eventuelle større anlegg kan dekkjast i området som er sett av ved Tangen på Bryne.

Oppvekst

Barnehagar

Trenden me ser i dag er at barnehagane vert stadig større. Nokre av barnehagane kommunen har i dag vil verta for små. Her må me vurdere mogleg utviding eller eventuelt avvikling i framtida. Fram til 2027 vil det vera behov for om lag 200 nye barnehageplassar. Det er regulert/sett av areal til fire nye barnehagar, og ein barnehage har arealmessig kapasitet for betydeleg utviding. Behovet for nytt areal i planperioden vert vurdert til å vera dekkja.

Skular

Bryne ungdomsskule vert nå utvida til om lag 450 elevar, og planlegging for å få bygd felles ungdomsskule saman med Klepp kommune (50/50) i området sør for Nordlysvegen er starta opp. Ny barneskule i området sør for Orrevegen (OB9) er sett på vent. Frøyland skule vert utvida til om lag 540 elevar. Her vil og Frøyland ungdomsskule kunna nytta ein del av skulen viss det er behov for det. Undheim og Hognestad har god skulekapasitet. På Lye er det god skulekapasitet, og i tillegg avsett areal til vidare utbygging.

Arealbehovet for skular vert med dette vurdert å vera dekkja.


I forbindelse med arbeidet med arealdelen vil det verta utarbeidd nye framskrivingar av folketalet samt nytt bustadbyggjeprogram. Desse vil verta sette i samanheng med barnehage- og skolebruksplanane. Særleg på Lye vil dette arbeidet kunna resultera i behov for endringar i arealdelen, alt etter endeleg val av utbyggingsretning, jf. nærare omtale i kap. «Byen og tettstadane».

Omsorg

Framskrivning av langtidsplassar på institusjon fram til 2027 viser at kommunen har god dekning til 2021, og at det deretter er eit behov for om lag 5 nye plassar per år. Behovet for fleire institusjonsplassar kan finnast innanfor eksisterande areal avsett til offentleg formål. På Kvernaland omsorgssenter er det lagt opp til å kunna byggja ut tre nye bustadfløyer med 24 leilegheiter.

Arealbehov for friluftsliv

Kommunen ønskjer å leggja til rette for at fleire vel å auka aktivitetsnivået sitt. Tilgjenge i nærmiljøet er avgjerande for at flest mogleg vil kunna vera i aktivitet.



Figur 2: Friområde på Bryne med 500m-beltet rundt

Det er eit aukande behov for regulerte friområde, og innbyggjarane skal ha maks 500 meter til næraste rekreasjonsområde.

Dei viktigaste friluftsområda i kommunen er kartlagde. Dei fleste større friluftsområda ligg aust i kommunen kor det bur lite folk. Korleis desse kan sikrast og leggjast til rette for bruk til friluftsliv/rekreasjon er ikkje avklart. Melsvatnet, Sandtangen og Stemmen er dei mest universelt tilrettelagte friluftsområda i kommunen.

Det er om lag 100 km med merka turstiar i kommunen baserte på frivillige avtalar med grunneigarar. Det er viktig at det vert etablert eit nettverk av nye og eksisterande turstiar. Tilgjenge til vassdrag er vanskeleg dei fleste plassane då ein må ta seg over dyrka mark, eller få til avtalar med grunneigarar om ferdsel over eigedommar.

Arealbehov for næringsutvikling

Næringsareal

I gjeldande arealdel ligg det inne om lag 165 daa nytt næringsareal på Re (NB7) med rekkefølgekrav om at maks 50 % av området kan byggjast ut i perioden 2015-2025. Regulering av området er ikkje starta. I Interkommunal kommunedelplan for «Bybandet sør» ligg det i Time inne om lag 600 daa næringsareal, kategori III verksemdar, jf. Regionalplan for Jæren. Utbygging av områda her skal i hovudsak skje i perioden 2030-2040.

Næringsområda på Håland og i Vardheia har potensial for fortetting. Regjeringa har forventningar om at ein nyttar potencialet for fortetting før ein tar i bruk nye utbyggingsområda. For dei nemnde områda må fortettingspotencialet vurderast

og nyttast fullt ut før eventuelt nye areal til næringsformål vert lagde inn.

Det er store kjeder (detaljhandel) som ønskjer å etablere seg i regionsenteret Bryne, men som ikkje finn store nok areal i sentrum. Kommunen meiner at slike store kjeder høyrer heime i eit regionsenter, og ønskjer derfor å leggja til rette for at slike verksemdar over ein viss størrelse kan etablere seg på Håland.

Landbruk

Av det samla landarealet i kommunen er om lag halvparten jordbruksareal, vel 83 000 daa. Av dette er nær 44 000 daa fulldyrka og 39 000 daa innmarksbeite. I perioden 2007-2016 er det i Time omdisponert om lag 1290 daa jordbruksjord.

Det er eit nasjonalt mål å auka matproduksjonen med tanke på auka mattryggleik. Ein viktig flaskehals for dette er tilgangen på dyrka jord. Dersom Time skal oppfylle sin del av målet i den nye nasjonale jordvernsstrategien vil det bety at årleg omdisponering maksimalt kan vera 20 daa (kjelde: Landbruksplanen).

Jordbruksareala som er avsette til andre formål i gjeldande arealplan, kan i utgangspunktet vurderast tilbakeført til jordbruksformål (LNFR-område), men det må i så fall mellom anna vegast opp mot kommunen som føreseieleg planmynde. Dersom det skulle gje ein netto gevinst jordbruksareal må òg mogleg justering av langsiktig jordverngrense kunna vurderast.

Endring av rekkefølgekrava når avsette areal kan byggjast ut, kan vera ei alternativ vurdering.

Masseuttak og massedeponi

Kommunen har i dag 15 område kor det har vore eller pågår arbeid med masseuttak. Den store utbyggingsaktiviteten regionen har hatt har medført etterspørsel etter uttaks- og deponiplassar. Det har òg vist seg at det er konfliktfylt å finna passende område for slik verksemd. Kommunen må i planarbeidet vurdere mogleg uttak av dei unytta og verdifulle ressursane i Kalbergområdet sett i samanheng med arealbehovet for ein mogleg ny transformatorstasjon der. I tillegg bør framtidige område avsette til utbyggingsformål kunna vurderast for uttak i perioden fram til utbygging er aktuelt. Kor det er aktuelt vil registrerte mineralressursar takast omsyn til, slik at førekomstar ikkje vert bygd ned, eller framtidig arealbruk legg andre avgrensingar for framtidig utnytting av ressursane.

Det vert arbeidd med ein ny «Regionalplan for massehandtering på Jæren». Målet er å betra gjeldande praksis for bruk og handtering av overskotsmassar (entreprenørmassar) på Jæren, og peika på lokalitetar for mottaksanlegg. Kommunen ser klart behovet for å ha slike deponi i regionen, og må vurdere om det finns passende stadar i Time. Her må me òg kunna vurdere å nytta «Makebyte-modellen», der omdisponering av landbruksareal kan skje mot ei form for motyting.

Grunnleggjande motyting er nydyrking eller opparbeiding av areal som i dag er meir eller mindre ute av matproduksjon. Generelt krav er at to gongar størrelsen på det nedbygde arealet skal opparbeidast til fullverdig produksjonsareal.

Det er òg viktig at kommunen via føresegnene til arealdelen har klare og presise føringar for handtering av enkeltsøknadar om massedeponi.

Kommunen ønskjer vidare å finna ein eigna lokalitet for ein gjenvinningsstasjon.

Andre formål

I kjerneområdet for landbruk er det ikkje tillate å føra opp bygningar med mindre dei er knytte til stadbunden næring. Det same gjeld etablering av og frådelling til slike formål. Spreidd busetnad vil berre verta vurdert utanfor kjerneområde landbruk, og dersom det føreligg særlege grunnar og dokumentasjon for det.

Generelt sett så har kommunen vore restriktiv med omsyn til oppføring av fritidsbustadar. Dersom det kjem fram område som er særleg godt eigna til slikt formål, vil dette verta nærare vurdert i planarbeidet.

Folkehelse, barn og unge sine interesser

Time har mål om å sikra område for friluftsliv som er lett tilgjengeleg for alle innbyggjarane. Her vil det vera eit spesielt fokus på å sikra område i utbyggingsområde, å gjera utilgjengelege grøntområde meir tilgjengelege, og å sikra at «alle» innbyggjarane skal ha maksimum 500 meter frå bustad til eit større rekreasjonsområde.

Kommunen har mål om å ha minimum eit turområde som er universelt utforma i kvar tettstad.

Gjennom ei ny barnetråkk-kartlegging vil område kor barn og unge oppheld seg, leikar, sykklar og går verta synleggjorde og resultata vil verta brukte i planarbeidet.

I buområde bør leikeplassar vera samanhengande, med grøne traséar og med trygg gangtilkomst mellom desse. Skular bør liggja i gangavstand frå bustadfelt og med sikker tilkomst.

Å sikra grøne område i tettstadane og byen er viktig for barn og unge, ikkje minst dei områda som ikkje er opparbeidde og har kvalitet i form av ustrukturerte leikemiljø med variert natur.

Vatn som planelement har så langt ikkje fått mykje merksemd i arealplanlegginga. Klimaendringar vil kunna gje utfordringar med handtering av overvatn, men også nye moglegheiter som aktivitetsområde for barn og unge. Vatn som moment, vil derfor tydelegare verta tekne inn i grønstrukturar

Smarte lokalsamfunn

Samlokalisering av formål og tenester vil kunna gje synergieffekt og spara areal sidan areal då vil kunna verta brukt døgnet rundt, og ikkje berre delar av døgnet

Betre utnytting og tilgjenge av/til kommunale bygg og anlegg til innbyggjarstyrte tilbod vil òg kunna vera eit smart grep.



Byen og tettstadane

Time er ein kommune i vekst. Fleire skal bu i dei allereie etablerte bustadområda. Dette må løysast på ein slik måte at alle har gode og trygge heimar, og har kvardagsliv med lett tilgjenge til arbeid, skule, servicetilbod og nærleik til tur-område. Byen og tettstadane skal ha ei berekraftig utvikling med mennesket i sentrum, og med fokus på eit breitt tilbod på bustadar for alle fasar i livet.

Kommune i vekst

Folketalet i Time vil fortsetja å auka dei neste åra. Det skal gjerast ei grundig vurdering av korleis fortetting kan skje i tettstadane. Når kommunen veks, er det også viktig å sjå på korleis samspelet er mellom dei ulike tettstadane og byen som kommunesenter.

Time grensar mot Klepp i nord og kommunane smeltar nærast saman på Frøyland/Orstad og ved Kåsen/Tjøtta /Bryne. Desse områda må utviklast i samråd med Klepp kommune for å få ein god heilskap.

Det vil verta vurdert om for eksempel urbant landbruk, det vil seia dyrkingsaktivitetar som har eit meir sosialt enn økonomisk formål, vil kunna vera alternativ bruk av areal nokre stadar.

Fortetting

Kommunedelplan for Bryne sentrum er nyleg vedtatt, slik at fortettingspotensialet i byen allereie er fastsett. Samfunnsdelen slår og fast at Bryne, Lye og Kvernaland skal ha eit variert bustadtilbod med eine-bustadar, rekkehus og lågblokk.

For kvar av tettstadane vil me sjå på dei eksisterande strukturane og potensiale for

transformasjon, fortetting og utvikling. Dei ulike tettstadane vil ha ulikt potensiale for transformasjon og fortetting, og derfor må me ha noko ulik strategi for korleis me kan fortetta på ein god måte. Desse vil byggja opp om eksisterande kvalitetar og moglegheiter. Dette vil redusera verknaden av uheldige utviklingstrekk ved at fortettinga vert meir føreseieleg og betre tilpassa eksisterande kvalitetar. I dag er det vanlegvis først gjennom ei byggesak eller ein reguleringsplan at bustadstrukturane vert avklara.

Strategien skal resultera i nye føresegner til kommuneplanen, eventuell oppheving av gamle reguleringsplanar, samt krav til nye områdeplanar.

Sentralt her er korleis tyngdepunkta slik som for eksempel skule og andre service-tilbod er plasserte i tettstaden. Det vil vera viktig å styrkja desse då ei berekraftig utvikling av tettstadane har fokus på at transportbehovet vert redusert.

Innbyggjarane skal kunna ha eit aktivt liv i alle fasar av livet, og kunna nå dei viktigaste tilboda til fots, med sykkel eller nytta kollektivtransport.

Det viktige kvardagslivet

For å kunna ha gode kvardagsliv i byen og tettstadane må mennesket setjast i fokus når me skal bu tettare og smartare.

Innbyggjarane sin kvardag har sitt utspring i heimen. Derfor er det viktig å sjå på kva for bustadar og bumiljø me ønskjer å leggja til rette for, plassering av aktivitetar mange nyttar og korleis det er å koma seg til dei ulike målpunkta til fots, med sykkel eller i bil. Det skal leggjast vekt på arbeidsplassar, butikkar, friområde, organiserte fritidsaktiviteter, leikeplassar, skule og barnehage.



Illustrasjon: Friområde på Re - kvardagsliv

Samansette bumiljø er viktige for å kunna trivast i ulike fasar av livet. Alder, kjønn, personleg økonomi eller funksjonsnivå skal ikkje vera styrande for å kunna velja. Universell utforming er nødvendig for nokre, og gjer det og mogleg for eldre å bu lengre i eigen bustad.

Det må leggjast vekt på løysingar som kan bidra til å skapa den gode, berekraftige byen og tettstaden; skapa gode bumiljø, få til eit engasjerande kulturliv, etablera og sikra attraktive grøntområde og skapa gode forhold for gåande og syklande. Gode møteplassar eller byrom er viktige for kvaliteten på opplevingar og samspel med andre.

Tettstadane

Bryne har ein ny sentrumsplan og arealdelen av han vil verta vist i kommuneplanen. Resten av Bryne må og viast merksemd. Med ein tettare by må me mellom anna sjå på tilknyttinga til dei nære naturområda. Som nemnd i førre kapittel vil det ut frå omsynet til jordvern verta vurdert om utbygging av nokre område kan skyvast ut i tid. Moglegheiter for fortetting av eksisterande næringsområde skal og ha fokus.

Kvernaland inngår i Interkommunal kommunedelplan for «Bybandet sør» og vil inngå i den reviderte arealdelen. Her vil det vera viktig å sjå utviklinga av sentrum av Kvernaland i samanheng med Øksnevadporten/Orstad som lokalsenter jf. Regionalplan for Jæren. Kommunedelplan for Frøyland/Kvernaland skal og innarbeidast.

Det ligg inne utbyggingsareal på Lyefjell i gjeldande kommuneplan. Desse vil verta vurderte i samanheng med fortettingsstrategi for Lyefjell, der me må sjå nærare på korleis tettstaden har utvikla seg, og korleis me ønskjer det skal skje vidare. Lyefjell er ein tettstad som har utfordrande høgdeforskjellar og ein utstrekning som er med på å dela han i to. Sentralt her vil mellom anna vera framtidig utbyggingsretning og tempo.

Det er nasjonale mål å redusera omdisponering av jordbruksjord og transportbehovet. Med dette som bakgrunn må me vera særleg restriktiv med omsyn til omdisponering av jordbruksareal til bustadformål på Undheim. Her må me primært vurdere fortettingspotensialet som ligg i området kring Samfunnshuset.

På Hognestad vart vidare utbyggingsområde «lukka» i førre revisjon av arealdelen.

Folkehelse, barn og unge

Folkehelse, barn og unge er viktig å ha fokus på i vidare arbeid, for å leggja til rette for gode bustadar og kvardagsliv. Eit verkemiddel for å fremja godt kvardagsliv er å leggja til rette for møteplassar og område for kvardagsaktivitet i tettstadane.

Det må leggjast til rette for variasjon av typar, størrelse og avstand til møteplassar

og aktivitetar. For eksempel så kan urbant landbruk kunna bidra til å skapa grønne lunger, aktivitet og møteplassar i tettstadane.

Smarte lokalsamfunn

For å utvikla smartare lokalsamfunn må me sikra effektiv og berekraftig bruk av ressursar. I lokalsamfunna kan dette gjerast ved å leggja til rette for meir fleirbruk av areal.



Illustrasjon: Lyefjell

Samferdsel

Folkeveksten i Time og nabokommunane fører til auka transportbehov. Det er eit nasjonalt, og regionalt mål at brorparten av veksten skal løysast gjennom ein auka del kollektivreisande, gåande og syklande. Det vil derfor vera behov for ein god infrastruktur for mjuke trafikantar og bilar lokalt.

For å ha eit godt grunnlag for dei strategiske vala kommunen ønskjer å ta innan temaområdet samferdsel, vil me leggja ressursar i å få kartlagt eksisterande infrastruktur i temakart. I forhold til reisevanar vert siste kartlegging gjort av fylkeskommunen lagt til grunn.

Veg

Mange utgreiingar av samferdselsprosjekt pågår parallelt med arbeidet med rullering av arealdelen til kommuneplanen. Dei viktigaste er ny E39, Utbyggingspakke Jæren og dobbeltspor for jernbanen frå Sandnes til Nærbø. For traséval E39 og dobbeltsporet vil det vera planprosessar som avgjer kva som skal leggjast inn i arealdelen.

I sentrumsplanen er det lagt inn ei omsynssone i Arne Garborgs veg som skal sikra moglegheita for ein kulvert mellom kryssa med Torggata og Reevegen. Mogleg strekning for kulvert skal avklarast i planarbeidet.

I dei nye bustadfelt på Re skal vegsystemet med ny tverrveg mellom Orrevegen og Brøytvegen vurderast.

Nokre område for landbruk i byen og tettstadane har vorte vanskeleg tilgjengeleg med landbruksmaskinar sidan dei må kjøra gjennom bustadområde. Det kan vera aktuelt å vurdere om det kan vera behov

for å finna alternativ bruk eller å avbøta ulempa i slike inneklemda område. Dette må sjåast i samheng med ønska utvikling av tettstadane.

Gang og sykkel

Hå, Klepp og Time har i samarbeid utarbeida regionale ruter for gang- og sykkelveg. Desse rutene er godkjende politisk i forbindelse med innspel til Handlingsplan for fylkesveg 2018-2025. Fleire av traséane er langt på veg etablerte, men det står igjen «holer» som me ønskjer å tetta.

I samband med trafikksekringsplanen er det lagt opp til nye gang- og sykkelveg som sikrar effektive traséar frå tettstadane Hognestad, Kvernaland, Lye og Undheim til Bryne sentrum.

Ein del av strekningane nemnde over ligg ikkje inne i gjeldande arealdel og skal innarbeidast i ny arealdel.

Idéen om ein ekspressveg for sykkel langs nytt dobbeltspor er og spelt inn i planleggingsfasen til dobbeltsporet, og vil vera eit sentralt tilbod for syklande. Ingen trasé vil ha færre kryssingspunkt og vera meir trafikksekr.

I sentrumsplanen for Bryne er det lagt ein plan for korleis me skal knyta bustad- og næringsområda kring Bryne til sentrum med kollektivtilbod. Å finna gode, trafikksekre og effektive traséar er krevjande i tronge gater. Eit slikt arbeid må koordinerast gjennom ein gatebruksplan som i størst mogleg grad skil ulike trafikkantgrupper på ein god måte.

Kollektivtilbod

Jernbane og Bryne som kollektivknutepunkt

I Utbyggingspakke Jæren har kommunane lagt dobbeltsporet til grunn. I forbindelse med arbeidet med dobbeltsporet har Jernbaneverket utarbeidd ein strategi som inneheld «kiss and ride» løysingar ved Øksnevadporten og Nærbø stasjon. Bryne skal utviklast som kollektivknutepunkt.

Kollektivtraséar

Ved endeleg avgjerd av «Bybandet sør» i departementet har det oppstått ein uavklart situasjon kring det planlagde høgverdige kollektivtilbodet frå kommunegrensa i Klepp og gjennom Kvernaland og tilbake nordover. Om og eventuelt kor traséen skal gå, skal avklarast i planarbeidet.

I sentrumsplanen er det lagt inn ei omsynssone i Arne Garborgs veg som skal sikra eit kollektivfelt mot Lye.



Kollektivfeltet skal leggjast inn i arealdelen, og om mogleg skal alternative traséar vurderast.

Folkehelse, barn og unge

Å finna gode, trafikksikre, effektive og samanhengande gang- og sykkelstiar mellom bustadfelt, skule/barnehage og fritidsaktivitetar er krevjande i tronge gater. Gjennom utarbeiding av ein gatebruksplan skal me søkja å finna dei best moglege løysingane. Trafikksikre soner rundt skular og barnehagar, parkering og prioritering av gåande i området til og frå skulen og barnehagen vil me også ha fokus på her.

Smarte lokalsamfunn

Ny teknologi for buss, parkering og ruteinformasjon vil gje nye moglegheiter for både auke i kollektivtilbod, service og informasjon overfor publikum – ein enklare kvardag.

Dersom slike løysingar vert typegodkjende for bruk på offentleg veg, opnar det heilt nye moglegheiter for å knytta nye/andre tettstadar til Bryne.



Natur- og kulturlandskapsforvaltning


Time har naturgjevne forhold med høgproduktiv og lett driven jord, som er viktig når det gjeld mattryggleik for heile landet. I tillegg har kommunen flotte og spesielle natur- og landskapsområde av stor verdi for mellom anna det biologiske mangfaldet og friluftslivet. Ei god forvaltning av areala er viktig om me skal greia og ta vare på verdiane for komande generasjonar. Desse areala vil ofte ha fleire funksjonar og brukargrupper, og det å finna balansegangen mellom utvikling, bruk/skjøtsel og vern vil vera avgjerande.

Busetnad og jordbruk kom tidleg til Jæren, og fleire tusen år med intensiv jordbruksdrift har sett sine spor med eit rikt omfang av både eldre og nye kulturminne. I tillegg er her store område med kulturbeite, eit mangfaldig kulturlandskap som det er viktig å verna om og oppretthalda drifta av. Fleire av desse

områda vil verta vurderte for mogleg sikring med omsynssoner.

Dei naturlege føresetnadane, klima og jordsmonnet, gjer at kommunen er særskild viktig for å sikra auka matproduksjon i forhold til nasjonal målsetting. Kravet til auka intensivering i landbruket aukar presset på viktige areal, som steingjerde/rydningsrøyser, våtmark og kantsoner, kulturminna og for det karakteristiske landskapsbildet med dei bølgjande formene.

Nasjonale og internasjonale mål for vern av naturmangfaldet, gjev kommunen eit ekstra stort ansvar for å ta vare på truga artar og naturtypar, for eksempel elvemusling, åkerrikse, næringsrik myr og våtmark, frodige bekkedrag, kystlynghei og varmekjær lauvskog. Tendensen syner blant anna at open myr og snaumark vert redusert. Open myr med 6 % i perioden 2011-2015 og snaumark¹ med 11 % i same perioden.



Figur 3: Fordeling av arealtypar og prosentvis endring av desse i Time kommune for perioden 2011-2015 (Kilde: NIBIO)

¹ Snaumark er fastmark med naturleg vegetasjonsdekke som ikkje er skog. Vatn, is, myr, bart fjell og blokkmark regnast ikkje som snaumark. Det gjer heller ikkje jordbruksmark, bebyggd eller opparbeida areal. Snaumark er vanleg i fjellet, men finst også i låglandet.»

Myr har ein vesentleg funksjon som CO₂ - lager, og som levestad for ei rekke planter og dyr. Myr fungerer òg som fordrøyingsareal ved store nedbørsmengder, og reduserer på den måten faren for flaum. Forsvarleg bruk av desse areala er viktig. Utviklinga med at myrarealet vert redusert må om mogleg verta snudd.

Areal langs vassdraga er sårbare område som er viktige når det gjeld vasskvalitet og biologisk mangfald. I siste planperioden vart det lagt inn omsynssoner langs alle vassdraga i kommunen. Ein effekt av dette ser ut til å vera ein reduksjon i inngrep i denne sona.

Fremdeles gjev avrenning frå landbruksareal og frå anleggsarbeid dårleg vasskvalitet i elver, bekkar og vatn. Av 25 vassførekomstar er 21 i risiko for å ikkje oppnå miljømål fastsette i regionalplan for vassforvaltning i Rogaland.

Forvaltning av innanlands fisk vil verta integrert i den heilskaplege vassforvaltninga. Der inngrep kan vera aktuelle skal omsynet til lokale bestandar ivaretakast.

Vatn i opne renner, bekkeløp og dammar har stor verdi for det biologiske mangfaldet og for å skapa opplevingar med kvalitetar i utemiljøet, og samtidig kan ein oppnå positive effektar knyta til fordrøyning av regnvatn og førebygging av flaum, reinsing og biologisk mangfald.

Grønstruktur som infiltrerer byen og tettstadane, og samanhengande grøntdrag gjennom heile kommunen er med på å sikra naturmangfaldet

Desse områda er viktige som leveområde og spreingskorridorar for planter og dyr. I det komande arbeidet vil det vera viktig å samanstillast og vurdere dei ulike natur- og miljøkartleggingane som er gjorde i kommunen, og arbeida for å sikra betre samanheng mellom desse områda.

Folkehelse og barn og unge

Eit samanhengande grøntdrag vil ha ein stor verdi sett frå eit folkehelsperspektiv, då desse vil gjera det enklare og og meir interessant å koma seg ut på tur. Det vil og gje fleire moglegheiter å koma til stille område og område med variert plante- og dyreliv med meir.



Smarte lokalsamfunn

I område der det er knapt med areal er fleirbruk ein god strategi. Eit samanhengande turvegnett gjennom landbruksområde gjev effektiv arealutnytting. Aktuelle strekningar bør gjerast lett tilgjengelege via digitale løysingar.

Klima og energi

Klima er i endring og gjer det nødvendig å ta høgde for meir nedbør i planlegginga. Arealplanlegging som tek omsyn til fare for flaum, er det viktigaste verkemiddelet for å førebyggja skadar av klimaendringane. Det er eit nasjonalt mål å redusera klimagassutslepp. Transport er den største kjelda til klimagassutslepp og må ha fokus for å få ned utsleppa.

Klimavakta ved meteorologisk institutt har berekna at det på Jæren vil verta varmare, våtare og koma meir intens og kraftig nedbør. Det vert auka fare for flaum, mindre snø og is, større fare for sommartørke og ei mogleg auke i den sterkaste vinden i framtida. Vekstsesongen vil verta 1-3 månadar lengre.

Ny Klimaprofil for Rogaland har rekna ut at årstemperaturen i fylket frå 1971-2000 til 2071-2100 vil auka med om lag 3,5 grad, med størst auke om vinteren. I same periode vil årsnedbøren auka med om lag 10 %. Klimaprofilen tilrår eit klimapåslag på flaumvassføring på minst 20 % på alle nedbørsfelt. Auka sommartemperatur kan gje noko meir fare for tørke og skogbrannfare, og auka behov for jordbruksvatning.

I Time oppstår gjerne dei største utfordringane i forbindelse med lokalt kraftig og kortvarig nedbør som gjev store mengder overvatn og flaumar. Tette flater som asfalterte vegar og parkeringsplassar, gjev raskare avrenning enn naturlege flater, og det fører til auka flaumfare i bekkar og vassdrag dersom vatnet vert leia for raskt bort. Det må søkjast naturleg balanse ved at overvatnet vert handtert lokalt og ikkje vert flytta til naboombåda.



Illustrasjon: fordrøingsbasseng på Re

Tradisjonell fortetting og bustadbygging i sentrum gjev mindre kapasitet til lokal infiltrasjon og fordrøying av overvatn. Regjeringa tilrår ein tre-trinns strategi for lokal overvasshandtering: 1) Mindre nedbørsmengder skal infiltrerast, 2) Større nedbørsmengder skal fordrøyast og 3) Sikra ein flaumveg for dei store nedbørsmengdene.

Klimaendringane gjer det nødvendig å ta høgde for meir nedbør i planlegginga. Avløpsnett må dimensjonierast for meir vatn. Open overvasshandtering bør prioriterast og vassvegane må haldast opne.

Større innslag av blågrøne kvalitetar kan bidra til å dempa skadar frå meir og kraftigare nedbør, sikra berekraftig overvasshandtering og leggja til rette for betre uterom. I arealplanlegginga må det leggjast vekt på bruk av by- og landskapselement som sikrar lokal handtering av overvatn.

Reguleringsplanar har i varierende grad flaumanalysar som grunnlag for å vurdere tiltak innanfor det geografiske området som planen representerer.

Kommunen vil i 2017 ha ein samla oversikt over nødvendige tiltak for heile Bryne. Me manglar heilskapleg oversikt for kommunen samla sett.



Illustrasjon: Vatn som planelement og klimatiltak

Det er behov for å auka kunnskapen om kva vassdrag som i større grad enn i dag, kan fungera som fordrøyingsbasseng, infiltrasjonsmoglegheit og bruk av flaumvegar.

Det er eit nasjonalt mål å redusera utslepp av klimagassar med 40 % fram til 2030 sett i forhold til nivået i 1990. På nasjonalt nivå er transport den største kjelda til klimagassutslepp. Industri, landbruk, energiforsyning og bygg følgjer deretter.

I Time er det landbruk og transport som er dei største kjeldene til utslepp. I landbruket er 90 % prosessutslepp (metan og lystgass) frå husdyr og gjødsel. Rapporten «Klimagassar i landbruket» viser til at nydyrking av myrer gjev auka utslepp av klimagassar. Ved å ta vare på dagens dyrka jord vil behovet for nydyrking kunna verta redusert, og dette vil bidra til at utslepp av klimagassar vil verta redusert.

Ved revidering av Kommunedelplan for energi og klima 2011-2021 (oppstart 2018) vil det verta vurdert om miljøtiltak skal inngå i planen, jf. kommunal planstrategi.

Folkehelse, barn og unge

Vatn i opne renner, bekkeløp og dammar kan brukast aktivt for å skapa opplevingar med kvalitet i utemiljøet. Større innslag av blågrøne kvalitetar som vatn og grønt vil kunna bidra til å dempa skadar frå meir og kraftigare nedbør, samt gje betre uterom.

Smarte lokalsamfunn

Fleirbruk av areal til både handtering av overvatn og grønelement er smart bruk av areal. Me må leggja til rette for at utdanning, rekreasjon og arbeid kan skje med minst mogleg transportbehov.

Samfunnstryggleik

Time skal vera ein trygg kommune å bu i, arbeida og opphalda seg i.

Samfunnstryggleik og beredskap står derfor høgt i all kommunal planlegging. Risiko- og sårbarheitsanalysar for heile kommunen vert jamleg oppdaterte og vert brukte til å førebyggja at uønska hendingar skjer og at konsekvensane vert reduserte. Kommunen skal vera førebudd på at det skal koma meir ekstremvær, og ser at kritisk infrastruktur stadig vert viktigare.

Flaum og demningar

I samband med konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalysen til Kommuneplanen 2011-2022, vart det gjort ei kartlegging av alle større demningar og innsnevringar nær tettbygde strøk som kan føra til flaum. I planen er det skissert fire område som bør vurderast nærare. I to av desse områda er det utført tiltak:

- På Kvernaland er ny demning opparbeidd ved Stemmen, og demninga vert ikkje vurdert som ein risiko lenger.



- Det er etablert ny flaumveg aust for fv.44 for Bryneåna på strekninga Frøylandsvatnet-fv.44.

Det er behov for å gjera ei vurdering av overvasskapasiteten i større vassdrag i kommunen for å hindra flaum. Dette vil blant anna gjelda Frøylandsvatnet og Orrevassdraget.

På Undheim vart det gjort flaumvurderingar i området ved Undheim bru i forbindelse med regulering av området ved «gamla handelslaget». Det vert vart lagt inn omsynssone og føresegner knytt til dette.

Storulykkebedrifter

Det er to storulykkebedrifter i kommunen. Dei er begge plasserte på Kvernaland. Bedriftene ligg nær nye utbyggingsområde, både for bustadar og infrastruktur for kraftforsyning. Det er viktig å sørgja for at det vert oppretthalde tilfredsstillande avstand frå bedriftene til bustadområda rundt. I planarbeidet vil det verta vurdert om dette får arealmessige konsekvensar.

Infrastruktur

Samfunnet vert stadig meir avhengig av viktig infrastruktur som vatn og straum. Ved svikt i forsyninga vert beredskapen sett på prøve for kritiske samfunnsfunksjonar. Hovudlinjer for vatn og straum er vist med omsynssone i nokre reguleringsplanar og i «Bybandet sør», men ikkje fullt ut for heile kommunen.

Ved planlegging av dobbelsporet vert det vurdert å heva sporhøgda med 0,7 m, noko som vil kunna gjera undergangane i Bryne sentrum dimensjonerte etter gjeldande krav og fullt ut tilgjengelege for uttrykingskjøretøy.

Matvaretryggleik

Dei naturlege føresetnadane, klima og jordsmonnet, gjer at kommunen er særskild viktig for å sikra auka matproduksjon etter nasjonal målsetjing, og viktig i forhold til mattryggleik for heile landet.

Aktivt landbruk og ei god forvaltning av areala er viktig for å halda oppe og auka matproduksjonen i samsvar med dei nasjonale måla.

Flytryggleik

Noko areal vest for Frøylandsvatnet er kjem inn i restriksjonsplanen for Stavanger lufthamn, Sola. Det skal ikkje reisast bygg over kote 158m.

Folkehelse, barn og unge

Å sikra matproduksjonen for framtida er eit sentralt folkehelseaspekt ved samfunnstryggleik. Behovet for omsynssoner rundt anlegg som kan utgjera fare for liv og helse, må også vurderast i arealplanlegginga. Å innarbeida lyssetting i gatebruksplanen, samt kor støyskjerming kan tillatast er også viktige tiltak.

Med omsyn til utbrot av smittsame dyresjukdommar må me vurderast kor det ikkje er lov å grava ned døde dyr.

Smarte lokalsamfunn

Stadig forbetra moglegheiter å varsle innbyggjarar og besøkjande om uønska hendingar kan bidra til å redusere konsekvensane av dei.



Organisering og medverknad

Prosjektgruppe som består av kommunalsjef Samfunn og to rådgjevarar i staben, har ansvar for å driva prosessen og sikra framdrift i arbeidet.

Rådmannen har oppnemnd fagansvarlege for kvart tema i planprogrammet.

Leiargruppa til rådmannen er administrativ styringsgruppe.

Formannskapet har valt ei politisk styringsgruppe for arbeidet med følgjande medlemar: ordførar Reinert Kvernaland (H), leiar, varaordførar Sverre Risa (Krf), Margret Hagerup (H) og Lars Enevoldsen (Ap). Bjarne Undheim (Sp) er vararepresentant.

To til tre politikarar deltek i dialog med grunneigarar og andre interessantar.

Avklaringar med overordna offentlege instansar skjer i Regionalt planforum og i direkte dialog med aktuelle partar. Tema her vil vera regionale og statlege føringar som har relevans for Time kommune sin arealdel.

Det vil verta lagt til rette for å etablera samarbeid med nabokommunar.

Arbeidet med utgreiing føregår parallelt med utarbeiding av planprogram.

Innbyggjararinvolvering skjer via dialogmøte med grunneigarar, folkemøte i tettstadane og aktiv bruk av sosiale media.

Framdrift

Planarbeidet har følgjande framdrift :

Framdriftsplan	2017 1. kv	2017 2. kv	2017 3. kv	2017 4. kv	2018 1. kv	2018 2. kv	2018 3. kv	2018 4. kv
Utarbeiding av planprogram, inkl. medverknad								
Politisk behandling og høyring planprogram								
Kartleggingar								
Utarbeiding av plan, inkl. medverknad								
Høyring av planforslag								
Eventuelt ekstra høyringsrunde								
Politisk behandling								

Kartleggingar og utgreiingsbehov

- Gjennomføra barnetråkk
- Revisjon av bustadbyggjeprogrammet
- Gjennomgang av eldre reguleringsplanar for å vurdere om dei kan opphevast, og analysar av byen og tettstadane som grunnlag for fortettingsstrategiane
- Før regulering av næringsområdet på Re (NB7) kan starta opp, bør det greiast ut korleis fortettingspotensialet på Håland kan realiserast.
- Ein eventuell tilrettelegging for detaljhandel på Håland har høg konfliktgrad i forhold til nasjonale og regionale interesser, jf. «Regional planbestemmelse». Vurdering av ein eventuell tilrettelegging vil krevja ei utgreiing og handelsanalyse
- Gatebruksplan for Bryne jf. Handlingsprogrammet til kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2016
- Kor kan aktuelle område for massedeponi finnast
- Analysar av hydrologi og terrengforhold i Time kommune
 - Det skal gjerast ei vurdering av overvasskapasiteten i større vassdrag i kommunen (elver og innsjøar)
 - Utarbeida sonekart kor me kan leia overvatn direkte til vassdrag (elver og innsjøar) utan overvasshandtering
 - Utarbeida samla oversikt over dreneringslinjer, omsynssoner, moglegheit for opne og lukka løysingar for å få ei heilskapleg tilnærming ut over den enkelte reguleringsplanen
 - Undersøkja korleis tre-trinnsstrategi for handtering av overvatn kan praktiserast.
 - Synleggjera dei areala som har stor flaumdempande kapasitet
- Oversikt over klimagassutslepp i kommunen med utgangspunkt i mål, strategiar og tiltaksplan i Kommunedelplan for energi og klima 2011-2022
 - Status for klimagassutslepp i kommunen
 - Grunnlag for å kunna evaluera om tiltaka har hatt effekt
 - Gje innspel til revisjon av Kommunedelplan for energi og klima i 2018
- Ei naturfagleg utgreiing om mangelfull kunnskap om verdiane av «tradisjonelt jærsk kulturbeite». Særleg verdiane for det typiske fuglelivet
- Peika ut område kor det ikkje er lov å grava ned døde dyr
- Det er behov for at storulykkebedriftene reknar ut risiko-konturane rundt eigne anlegg
- Konsekvensutgreiingar av m.a. alternative utbyggingsmønstre og ROS-analyse for føreslåtte arealmessige endringar
- Gjennomgang av føresegner og retningslinjer i høve eventuelt nye føringar og dagens behov.

Overordna rammer og premissar

STATLEGE FØRINGAR

Plan- og bygningslova. Set rammer for innhaldet i ein kommuneplan og prosessuelle krav til medverknad, konsekvensutgreiingar og Risiko- og sårbarheitsanalysar under utarbeidinga.

Forskrift om konsekvensutgreiingar. Utdjupar krava om at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiingar for arealplanar med vesentlege verknadar for miljø, naturressursar og samfunn.

Lov om folkehelse. Trådde i kraft 1. januar 2013 og representerer ein «ny giv» i folkehelsearbeidet. Det er lagt vekt på systematisk folkehelsearbeid, tydeleggjering av kopling til planlegging og tydinga av «helse i alt vi gjer» er eit ansvar for heile kommunen.

Naturmangfaldlova. Naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosesser må tas vare på ved berekraftig bruk og vern. Data og dokumentasjon om økosystem, naturtypar og artar, konsekvensar ein reknar med planen vil ha på naturmangfaldet, alternativ lokalisering, samla belastning og avbøtande tiltak, bør i nødvendig grad inngå tidleg i planarbeidet.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Vedtatt ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015). Seier noko om kva regjeringa forventar at kommunane skal leggja spesielt vekt på i planlegginga.

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) og Statlege planretningslinjer (SPR). Konkretiserer statlege forventningar til kommunal planlegging på viktige samfunnsområde.

RPR om barn og unge sine interesser i planlegginga. Gjev føringar for korleis kommunen skal følgja opp barn og unge sine interesser i fysisk planlegging.

RPR for verna vassdrag og lov om vassdrag og grunnvatn. Gjev føringar for korleis kommunen skal forvalta vassressursane.

SPR for samordna bustad, areal- og transportplanlegging. Gjev føringar om samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging for å oppnå samfunnsøkonomisk effektiv utnytting av ressursar, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikla berekraftige byar og tettstadar, leggja til rette for verdiskaping og næringsutvikling og fremja helse, miljø og livskvalitet.

SPR for klima- og energiplanlegging i kommunane. Skal sikra at kommunane bidrar til å nå dei nasjonale energi- og klimamåla.

St.meld nr. 34 (2012-2013) «Folkehelsemeldinga -God helse -felles ansvar». Legg prinsippet «Helse i alt me gjer» til grunn, og peikar blant anna på at omsynet til helsa til innbyggjarane skal få større plass i stads- og nærmiljøarbeidet og samferdselspolitikken.

St. meld nr. 23 (2001- 2002) «Betre miljø i Byer og tettsteder». Konkretiserer overordna mål og prinsipp for utvikling av attraktive, miljøvennlege og funksjonelle byar og tettstadar.

St. meld nr. 29 (2011-2012) «Samfunnssikkerheit». Viser ulike tiltak for å styrkja arbeidet med samfunnstryggleiken. Meldinga ser spesielt på store hendingar som går på tvers av sektorar.

St. meld nr. 16 (2004-2005) «Leva med kulturminne». Viser ulike tiltak som skal sikra at mangfaldet av viktige kulturminne og kulturmiljø ikkje går tapt, og at det potensialet kulturarven representerer vert tatt meir aktivt i bruk.

Rammeplan for avkjørsler (2013): Er eit verktøy for handsaming av enkeltsaker om byggjegranser og avkjørsler etter veglova §§29-30 og §§40-43. Planen skal gje føringar for kva haldning som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkjørsle-, bygge- og grensesaker.

Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelegheitslova) (1992). Har som mål å fremja likestilling og likeverd, sikra like høve og rettigheter til deltaking i samfunnet for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

St.meld. nr. 26 (2006-2007)- Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand (Miljøverndepartementet). Regjeringa sitt viktigaste dokument for ein samla framstilling av miljøpolitikken med fire tverrgåande tema: miljø og utvikling, miljø og verdiskaping, miljø og forbruk og berekraftig areal- og transportpolitikk.

Meld. St. 35 (2012–2013). Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken (Miljøverndepartementet). Viser viktigheita av å ta vare på kulturminne slik at ein fremjar ei samfunnsutvikling med forankring både i historia og i befolkninga. Kulturminnepolitikk som kan møte dei endringane som synes å bli dominerande dei neste 30 åra, som befolkningsvekst, klimaendringar, høgare levestandard og eit meir internasjonalsert samfunn.

Riksrevisjonens undersøkelse av bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge (2006-2007). Undersøkinga viser at arealstatusen og arealutviklinga i Noreg på fleire område ikkje ivaretar verdiar og prinsipp som Stortinget har vektlagt for å sikra ei bærekraftig arealdisponering. Dette er mål som i hovudsak har lege fast som ein del av arealpolitikken sidan byrjinga av 1990- åra.

Riksantikvarens veileder «Kulturminner, kulturmiljøer og landskap- planlegging etter plan- og bygningsloven (2016

NASJONALE STRATEGIAR

Nasjonal strategi for bioøkonomi (2016). Har mål om å skapa fleire arbeidsplassar og meir verdiar i grønne næringar som hentar ressursar frå jord, skog og hav.

Nasjonal jordvernstrategi (2015). Har mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal vera under 4000 dekar, og har fleire tiltak for å nå det målet.

Riksantikvarens Bystrategi 2017-2020. Strategien har som mål å bidra til god forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i alle byar, til beste for samfunnet, kommunen, innbyggjarar, vitjande og næringsdrivande. Ein langsiktig og berekraftig forvaltning av dei historiske bymiljøa føreset at dei gamle bygningane vert brukt og vert pleitt, og at dei historiske bygningsmiljøa enno opplevast som attraktive bymiljø med tilstrekkelege service- og forretnings funksjonar.

REGIONALE FØRINGAR

Regionalplan Jæren 2013-2014. Er ein revisjon av «Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren» (FDP Jæren). Planen set rammer for utbyggingsmål og utbyggingsretning for kommunen i eit 40-årsperspektiv. Langsiktig grense for landbruk og område for regional grøstruktur set klare premisser for arealforvaltinga i kommunen. Regionalplanen har strengare retningslinjer når det gjeld arealutnytting, men og større fokus på bukvalitet enn FDP Jæren hadde. I planen har Bryne ikkje berre fått status som kommunesenter, men òg som sentrum som kan styrkjast som eit senter for regional handel på Sør-Jæren.

Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern (FDP - FINK) i Rogaland. Har mål, strategiar og kartfesta føringar for bruk og vern av areal og betre samordning av naturverdiar, kulturverdiar og tilrettelegging til friluftsliv, idrett og reiseliv.

Fylkesdelplan for universell utforming. Viser korleis ein på ulike samfunnsområde kan integrera universell utforming.

Regionalplan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021. Starten på ein heilskapleg og samordna forvaltning av vatnet i Rogaland. Planen legg opp til at alle tiltak må ta omsyn til klimaendringane, og viser til samanhengen mellom god heilskapleg planlegging og godt vatn.

Regionalplan for landbruk (2011). Regionalplan for landbruk er både eit utviklingsverktøy og eit styringsverktøy som vil vera retningsgivande for utviklingstiltak, prosjekt og verkemiddelbruk på regionalt og kommunalt nivå. Regionalplan for landbruk er ei konkretisering av nasjonal landbrukspolitik, tilpassa regionale moglegheiter og utfordringar. Kommunane har fått ei auka rolle som samfunnsutviklingsaktør og må sjå landbruket i samheng med samfunns- og næringsutviklinga generelt.

KOMMUNALE FØRINGAR

Kommuneplanen sin samfunnsdel (2015). Tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon over ein 12-årsperiode. Samfunnsdelen er retningsgjevande for kommunen si vidare planlegging.

«Interkommunal kommunedelplan Bybandet sør» (2014). «Bybandet sør» er ein interkommunal kommunedelplan kor Klepp, Sandnes og Time har ført vidare intensjonane i FDP Jæren og Regionalplan Jæren. Planen omfattar areal frå Ganddal i nord til Lye i sør som skal byggjast ut fram til 2040.

Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 (2016). Har fokus på korleis byen og sentrum skal utformast, og dei funksjonane byen og særleg sentrum skal gje plass til. Planen gjev nokre føringar for samferdselstiltak, samt for nokre bustadområde som vil verta vurderte om kan inngå i overordna arealdel.

Planstrategi 2015-2019 (2016). Viser status, utviklingstrendar og utfordringar i kommunen, og identifiserer planbehovet desse gjev i perioden 2015-2019 for dei ulike temaområda.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026. Handlar om tilrettelegging for aktivitet, nærleik til aktivitet, låg terskel for aktivitet, kvardagsaktivitet, begeistring og positive opplevingar, og gjev føringar for revisjon av arealdelen.

Hovudplan for vatn og avløp 2016-2026. Legg til rette for at den positive utviklinga med høg folketalsvekst kan fortsetja på ein berekraftig måte, både når det gjeld ressursbruk, tryggleik i vassleveransane og miljøpåverknad.

Folkehelseprofil Time kommune 2014-2016. Er ei oversikt over helsetilstanden i kommunen, og viser utfordringar kommunen har på folkehelseområdet.

Risiko- og sårbarheitsanalyse 2017-2020. Er eit grunnlag for overordna beredskapsplan, planar etter plan- og bygningslova, beredskapsplanar i tenesteområda i kommunen og ei oppsummering av samla risiko i kommunen. Tiltak i handlingsplanen sikrar at arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har høgt fokus i økonomiplan, blant tilsette og i overordna planar.

Landbruksplan 2016-2026. Er venta vedtatt våren 2017 og vil gje oversikt over utfordringar for landbruket i kommunen inndelt i tema jordvern og matproduksjon, kulturlandskap, miljø, friluftsliv og rekreasjon, samt risiko og sårbarheit. Landbruksplanen vil gje innspel til revisjonen av arealdelen av kommuneplanen.

Kulturminneplan Time kommune 2008-2019 (2008). Skal gi grunnlag for eit målretta vedlikehald og god informasjon om, og tilrettelegging av, kulturminna. Ved dette ønskjer ein å arbeida for auka kunnskap om, og positive haldningar til, kulturarven. Planen handlar i hovudsak om faste kulturminne frå nyare og eldre tid og kommunen sitt ansvar for forvaltning av desse kulturminna.